



Vågå kommune Tekniske tenester

«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår ref
2026/305-15

Dykkar ref
«Ref»

Saksbehandlar
Laila Nersveen
48069256
laila.nersveen@vaga.kommune.no

Dato
21.08.2026

Høyring - Endringsforslag som opnar for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Vågå kommune

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.juni 2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med ny viltressurslova vart gjort gjeldande 1.juli 2026.

I den nye viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26). I den gamle viltlova var ikkje restlysførstekande og termiske siktemiddel omtalt, slike siktemiddel har derfor gradvis blitt meir brukt ettersom teknologien har vorte lettare tilgjengeleg og rimelegare. Det er sannsynleg at eit relativt stort tal hjort vart felt ved bruk av termiske siktemiddel i Vågå sist haust.

Ei av endringane i jaktutøvingsforskrifta er at kommunane har fått heimel til å fastsetje forskrift som opnar for restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng (§ 29a., 4. ledd). Heimelen gjeld for å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som fylgje av høg bestandstorleik.

For å vurdere samordning av lokale forskrifter om restlysførsterkande og termiske siktemiddel på tvers av kommunegrenser er det tenleg med mest mogeleg like forskriftstekst mellom kommunane. Dette for at det ikkje skal verte uoversiktleg for jegerar (og jaktrettshavarar) å halde seg orientert om kva regelverk som gjeld. Det vil derfor vere tenleg å nytte seg av tekstformuleringar som er i samsvar med dei departementet har nytta i jaktutøvingsforskrifta. Forskriftsteksten i høyringsforslaget er utarbeidd med dette som utgangspunkt.

Postadresse:
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

Besøksadresse:
Edvard Storms veg 2, 2680
Vågå

Org.nr: 939 607 706
Heimeside:
www.vaga.kommune.no
E-post:
postmottak@vaga.kommune.no

Telefon: 61 29 36 00
Bankkonto:
2085 07 70000

Viltforskrifta § 29a:

§ 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler

Fastmontert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.

«Åpent terreng» er definert i forarbeida til ny viltlov: Med «åpent terreng» menes her terreng som stort sett er fritt for hindringer som bygninger og trær. Eksempler på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være åpne arealer på skogsmark, som hogstflater, naturlige åpninger uten høyt feltsjikt- og buskvegetasjon og områder der skogen er høystammet og glissen.

Vågå kommune har frå før ei lokal forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg, hjort rådyr og bever og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort. Landbruksdirektoratet tilrår at ei eventuell opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel blir teke inn i denne forskrifta. Vågå kommune tek utgangspunkt i dette og det har blitt lagt til to nye paragrafer i denne forskrifta (§§ 4 og 5). Dei andre paragrafane blir uforandra. (Forslag til ny forskrift ligg vedlagt)

I føringane som går fram av rettleiar frå landbruksdirektoratet går det fram at ei forskrift som opnar for bruk av termiske siktemiddel må gjelde for heile kommunen, sjølv om skadesituasjonen kan vere avgrensa til berre ein del av kommunen. Kommunen har heller ikkje heimel til å innføre avgrensing for bruk av slike siktemiddel til berre ein periode av jakta. Grunneigar har høve til å nekte bruk av termiske siktemiddel.

Vurdering etter fem år:

Dersom skadeverknaden vert redusert, vil det etter kvart ikkje vere grunnlag for å vidareføre unntaket om bruk av termiske siktemiddel. Kommunen skal difor gjere ei ny vurdering av behovet kvart femte år. Kopi av vurdering skal sendast Lanbruksdirektoratet. Vurderingane kan også sendast fylkeskommunen som regional viltstyresmakt. Vurderinga kan gjerast i samband med rullering av dei kommunale måla for hjorteviltforvaltninga. Dette på bakgrunn av at vurderingane knytt til termiske siktemiddel må knytast til dei kommunale måla, jf. hjorteviltforskrifta § 3.

Rapportering

Ved bruk av termiske siktemiddel for felling av hjort er det krav om å rapportere. Ansvar ligg til jegeren eller den som registrerer felt hjort via appen *Sett og Skutt* eller i hjorteviltregisteret. Dersom det ikkje fellast hjort er det ikkje krav om rapportering. Bruk av termisk spottar/handhaldt kikkert skal ikkje rapporterast.

Faktagrunnlag

Kommunedirektøren vil i dette kapittelet fokusere på vurderingskriteriene LMD har lista opp. Vågå kommune har vedteke mål og retningslinjer for hjorteviltforvaltninga for perioden 2023-2028 (vedlegg 1). I dokumentet er det mellom anna oversikt over korleis jakta er organisert, faktaopplysningar, statestikk frå sett og skutt, fallvilt og målsetningar for artane i fellesskap og den einskilde art og vidare mål for beiteskadar og ulykker på veg. I forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 er det satt krav til kommunane om å vedta mål for utviklinga i bestandane av elg, hjort og rådyr.

I Vågå er det to bestandsplanområde, Vågå/sel nord og Vågå sør. Vågå/Sel nord består også av to jaktfelt på Sel sida Horgen og Åsen. Delar av Skaihø viltområde ligg innanfor Vågå kommune og blir forvalta av Lom kommune. Kommunen tek utgangspunkt i hjorteviltforskrifta §§ 1 og 3 ved forvaltning av hjortevilt.

Bestandsstatus hjort


Hjorteviltforvaltninga i Noreg er basert på innsamla data frå jegerar som blir lagt inn i hjorteviltregisteret. Denne statistikken er det beste og einaste kunnskapsgrunnlaget forvaltninga har for å si noko om bestandsstorleik, utvikling og kjønns- og alderssamansetning. Gjennomsnittleg dagar det er jakta hjort i Vågå dei siste 10 år er om lag 800 dagar i året. Norsk institutt for naturforskning har uttalt at tal jegerdagar bør overstige 1000 og tal observasjonar over 500 for å unngå stor effekt av tilfeldigheter. I Vågå kommune foregår det også mykje kombinasjonsjakt under elgjakta som ikkje blir ført opp som jegerdagar for hjortejakta. Dei kommunale mål og retningslinene i Vågå kommune for perioden 2013-2028 har difor ikkje så detaljerte mål for hjorteviltforvaltning. Det stå følgjande i dokumentet, som også er vedlagt:

Målsettingar for hjort

Hjortebestanden skal generelt haldast på dagens nivå, men i nokre område er bestanden allereie for høg med tanke på beiteskadar på dyrka mark og barkgnag. Det er viktig at jaktrettshavarane nyttar heile jakttida for å få eit høgt uttak av dyr. Det er mellom anna stort potensial for felling av hjort på innmark før og etter elgjakta. Det oppfordrast om fri avskyting, med unntak av eldre bukk, for å sikre høgt fellingsresultat.

Bestandstatus hjort

Kommunen har valt å berre nytte felte dyr som grunnlag for vurdering av bestandstatus for hjort fordi bestanden er aukande. Det viktigaste tiltaket vil vere å halde bestanden nede og fellingsstatistikk på kjønn og alder er slik sett ikkje så viktig. I 2022 vart det totalt felt 93 hjort i heile Vågå. For ti år sidan vart det felt 53 hjort. Figur nedanfor viser at uttaket av hjort har auka mykje dei siste tre åra med eit topp i fjor.




Figur 8: Grafen viser felt hjort innanfor Vågå kommune (hjorteviltregisteret).

Fellingsresultat og registreringar viser at hjortebestanden framleis er i vekst. Vågå kommune har som målsetting at det vert tatt ut tilstrekkeleg med dyr, så stamma ikkje aukar vesentleg frå nivået i dag. Generelt sett så er hjorten i vekst innanfor heile austlandet. Bestanden av hjort vil ikkje vekse veldig raskt i og med at hindene berre får ein kalv, men det er viktig at forvaltninga er i forkant slik at ein unngår store hjortebestandar som kjem i konflikt med utøving av jord- og skogbruksnæring. Bestanden av hjort kan variere mykje innanfor eit bestandsplanområde, til dømes i Vågå sør er store delar av arealet fjellterreng og dei største konsentrasjonane av hjort er i bygda. Fordeling av kvotar innanfor bestandsplan er styrt av jaktrettshavarane og det er difor viktig med god dialog for å sikre at dyr blir teke ut der dei gjer skade.

Kommunen meiner det vil vere viktig for jaktrettshavarane å ha fokus på høg avskyting i åra framover. Det er viktig at jaktrettshavarane nyttar heile jakttida for å få eit høgt uttak av dyr. Det er mellom anna stort potensial for felling av hjort på innmark før og etter elgjakta. Vågå kommune har endra forskrift om minsteareal i 2023 nettopp for å ta omsyn til den aukande hjortestammen. Det er slik sett eit stort handlingsrom til å auke uttaket av hjort.

Felt hjort innanfor Vågå kommune har auka mykje dei siste 10 åra og det blir felt omtrentleg 100 dyr i året. Sjå figur 1 nedanfor. Som ein følge av denne utviklinga har forskrift om minsteareal blitt revidert og i 2023 vart det vedtatt ny forskrift der minstearealet er sett til 2000 og 3000 daa innanfor dei to valda. Årsaka til denne differensieringa er at store delar av arealet på sørsida av Otta elv er fjellterreng (Langmorkeje statsallmenning). I 2026 vart det vedteke nye driftsplanar for Vågå/Sel nord og Vågå sør som er 3- årig. Det er i desse bestandsplanane fokus på at ein ønskjer å stabiliserer hjortebestanden og avskyting må difor oppretthaldast og det er viktig at bestanden ikkje aukar. Det er nærliggjande å tru at ein del av hjorten som har blitt skote på innmark har blitt teke ut med termiske siktemiddel dei seinare åra og det er slik sett viktig at dette hjelmemidelet framleis kan nyttast for å sikre at bestanden ikkje veks.



Figur 1: Figur som viser hjort som er felt innanfor Vågå kommune i perioden 2012-2025

Skader på jord- og skogbruk

Det føreligg ikkje dokumenterte skadar på avlingar og skog, men kommunen er godt kjend med at fleire gardbrukarar slit med høge bestand av hjort som et på grasmarka. Vågå kommune er ein stor landbrukskommune på husdyr- og grøvfôrproduksjon. Det er einskilde område som er meir utsett enn andre som Sjørdalen, Synslie og Tolstadåsen. Det er små marginer i jordbruket og det er difor viktig at det graset som blir produsert kan haustast. Hjort som beiter på grasmark, blir fort ein ekstrakostnad.

Skogbruket i Vågå er også viktig og skadane er førebels relativt små. Det er kjend at hjorten har byrja å gjere skade med barkgnag i einskilde område i kommunen som mellom anna i Sjørdalen.

Verknad på naturmangfaldet

Kommunedirektør er ikkje kjend med at hjortebestanden har ført til skader på naturmangfaldet.

Hjortepåkøyrser og trafikktryggleik

Når det gjeld viltpåkøyrser der hjort er involvert så har dette variert mykje med ein bratt stigning i 2024 da det var 18 viltpåkøyrser med hjort, sjå figur 2. Det var også dette året det vart felt mest hjort i Vågå med 115 felte dyr, sjå figur 1. I 2025 gjekk talet ned til 97 felte dyr. Ein reduksjon på 8 dyr er ikkje mykje og det er lite truleg at det høge talet viltpåkøyrser i 2024 skuldast berre høg bestand. Mest truleg er det vinteren og andre forhold som har spelt inn. 2024 var mellom anna ein kald og snørrik vinter. Vinteren 2025 var det kaldt i periodar, men det var veldig lite snø slik at dyra ikkje søkte ned mot veg.



Figur 2: Figur som viser registrerte hjortepåkøyrser i perioden 2012-2025.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at faktagrunnlaget samla sett taler for at Vågå kommune bør opne for bruk av termiske siktemiddel ved jakt på hjort. Samstundes er det einskilde forhold som taler for at behovet ikkje er like stort som i kommunar med svært høye hjortebestandar, omfattande beiteskadar og svært mange trafikkulykker. Spørsmålet må difor vurderast ut frå føre-var-perspektivet og kommunen sitt langsiktig mål om å halde bestanden på dagens nivå og at bestanden ikkje må auke. Dette har vore ei målsetting sidan 2023 og sidan da har bestanden auka. Kommunedirektøren si vurdering er at det blir viktig å halde oppe avskytinga for å unngå ein situasjon som i 2018-2024, med tilnærma ukontrollert auke i hjortebestanden. Bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel under ordinær jakt vil vere viktig for at jaktlaga skal greie å halde oppe ein høg avskyting/ fellingsprosent. Den høge avskytinga dei siste åra skyldast mellom anna at det har vore brukt termiske siktemiddel. Kommunedirektøren innstiller derfor på at forslag til forskrift som opnar for bruk av restlysforsterkande siktemiddel og termiske siktemiddel i Vågå kommune skal leggjast ut på høyring.

På den andre sida vil ei meir effektiv hjortejakt ved bruk av termiske/ restlysforsterkande siktemiddel medføre auka krav til presisjonen i forvaltninga av hjortebestanden gjennom bestandsplanar/ kvoter.

Vågå kommune ber om innspel til forslaget. Vi ønskjer særleg synspunkt på:

- **Behovet for restlysfosterkande og termiske siktemiddel i Vågå kommune**
- **Kva for fordelar og ulemper tiltaket kan ha for hjorteviltforvaltninga**
- **Kva for verknad tiltaket kan ha på trafikktryggleik, beiteskadar, landbruksinteresser og andre natur- og samfunnsinteresser**
- **Kva for verknad tiltaket kan ha for dyrevelferd, jaktutøving og fellingsresultat**
- **Eventuelt andre forhold kommunen bør vurdere før forskrift blir vedteke**

Høyringsfrist: 25. september 2026

Høyringsinnspel sendast til postmottak@vaga.kommune.no eller Edvard Storms veg 2 2680 Vågå.

Spørsmål kan rettast til:

Laila Nersveen
Plan- og miljørådgjevar

Mobil: 48069256

e-post: laila.nersveen@vaga.kommune.no

Med helsing

Laila Nersveen
Plan- og miljørådgjevar

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

Vedlegg

- 1 Kommunale retningslinjer for hjorteviltforvaltninga i Vågå 2023-2028
- 2 Forslag til ny forskrift - forskrift om minsteareal for hjortevilt, fastsetting av fellingsavgift og termiske siktemiddel

Kopi til:

LANDBRUKSDIREKTORATET

Postboks 56

7701

STEINKJER